



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for oppvekst  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 29.10.2014  
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 22.10.14

Linn Therese Sævik  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 30/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 31/14	Protokoll frå førre møte
PS 32/14	Referatsaker
PS 33/14	Kompetanseplan for grunnskulen 2015-18

### **Referatsaker**

RS 6/14	Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV 10 - Offentleg ettersyn
RS 7/14	Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Offentleg ettersyn
RS 8/14	Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 5 m.fl - Offentleg ettersyn
RS 9/14	Detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 m.fl området FKO - Offentleg ettersyn

### **Orientering/drøfting:**

- Barnehageleiar Laila K. Solhaug og skuleleiar Sølvi L. Remøy vil orientere om budsjettforslaget frå sine avdelingar.
- Planlegging av synfaring i komiteen
- Skuleleiar Sølvi L. Remøy vil orientere om strategiprosess i skuleavdelinga



PS 30/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 31/14 Protokoll frå førre møte

PS 32/14 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2014/1593
		Arkiv:	430

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
33/14	Komite for oppvekst	29.10.2014

### KOMPETANSEPLAN FOR GRUNNSKULEN 2015-18

#### Tilråding frå rådmannen:

Komite for oppvekst tek Kompetanseplanen til vitande.

Særutskrift:

**Vedlegg:**

Kompetanseplan for leiarar og lærarar i grunnskulen.

**Saksopplysningar:**

Det er gjennomført ein revisjon av kompetanseplanen, med justering i tråd med vurderingane.

Som bakgrunn for revisjonen, har ein sett på følgjande:

- Kartlegging av kompetansebehov på den enkelte skule, med vurdering av både etter- og vidareutdanning.
- Vurdering av status i Herøyskulen jfr. dei nasjonale kompetansekrava for undervisning (Opplæringslova med forskrifter)
- Vurdering av kva kompetanse som om kort tid forsvinn ut av skulen, i form av lærarar som vert pensjonistar
- Drøfting i Sjustjerna, der ein vurderer kva opplæring ein kan samarbeide om, og kva kvar kommune må handtere for seg.

Det nasjonale systemet for kompetanseutvikling (Lærarløftet) legg i stor grad opp til individbasert vidareutdanning. Dette er viktig, men ikkje tilstrekkeleg.

Forsking viser at skal ein endre og utvikle ein skuleorganisasjon, er det langt større effekt om fleire i eit kollegium får ta del i opplæringa. Derfor vert det no meir og meir vektlagt å drive skulebasert utviklingsarbeid, så som Ungdomstrinnsatsinga legg opp til.

Dette er perspektiv ein må ta med. Med små løyvingar til kompetanseutvikling, må ein ha ei streng vurdering av kva som gir mest effekt, og kva som er strategisk viktig for skulen.

Forsking viser at kortare kurs (dagskurs og liknande) gir lav læring på sikt, medan eit systematisk læringsarbeid over tid, gir stor effekt.

Dette er vurderingar som ligg bak når ein vurderer organisering av etter- og vidareutdanning framover.

Ein kompetanseplan er ferskvare, og vil fort kunne endre seg ved endra samansetjing av eit personale, samt nye nasjonale kompetansekrav for undervisning. Planen må derfor årleg reviderast, om nødvendig oftare.

**Vurdering og konklusjon:**

Kompetanseplanen er utarbeidd med bakgrunn i vurderingane ovanfor. Den omfattar kun leiarar og lærarar, sidan det er desse gruppene som er inne i dei nasjonale satsingane for grunnskulen (Lærarløftet). Det er også desse gruppene som er omfatta av kompetansekrav i lovverket.

Det er i tillegg behov for kompetanseutvikling i PPT og for assistentar, men dette er ikkje ein del av denne planen.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Auka kompetanse og læring i organisasjonen


Konsekvensar for økonomi:  
Behov for midlar til kompetanseutvikling

Fosnavåg, 21.10.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Skulesjef

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

# KOMPETANSEPLAN FOR PEDAGOGAR I GRUNNSKULEN 2015-18





# KOMPETANSEPLAN FOR LÆRARAR OG LEIARAR I GRUNNSKULEN 2015-18

## Premissar.

- Handlingsplanen er basert på kompetansekartlegging, strategisk plan for Herøyskulen, samt Opplæringslova §10-1 og 2, Krav om kompetanse i undervisningsfag
- Det vert gjennomført ei årleg vurdering saman med kvar rektor ang behov for kompetanse framover. Dette vert lagt til grunn for rekruttering/tilsetjing, samt vert vurdert ved prioriteringar av etter- og vidareutdanning.
- Årleg budsjettløyving til kompetanseutvikling
- Val av prioritert etter- og vidareutdanning i samarbeidet med dei andre kommunane på søre Sunnmøre (Sjustjerna)

## Definisjonar.

- **Vidareutdanning** er utdanning / opplæring som gir formell kompetanse ( studiepoeng )
- **Etterutdanning** er mellom anna kurs, seminar, deltaking i lokalt utviklingsarbeid og fagleg rettleiing knytt til eigen praksis, som har opplæring som viktigaste formål.

## Organisering

- Skuleadministrasjonen innhentar kompetansebehov, vurderer kartleggingsrapportar og planlegg felles kompetansetiltak i samråd med tillitsvalde og rektorane.
- Skulesjefen er sakshandsamar på søknader om utdanningsstipend.
- Skulesjefen er ansvarleg for kompetanseplanar og rullering av desse, i samarbeid med hovudtillitsvald.
- Den enkelte rektor/tillitsvald har ansvar for at kunnskap om planar og tiltak vert kjende for heile organisasjonen. Vidare at tiltak som er delegert til skulane, vert gjennomførde.
- Det vert lagt til rette for skulebasert kompetanseutvikling, i kombinasjon med lærande nettverk på tvers av skular.
- Skuleadministrasjonen organiserer kommunal etter- og vidareutdanning, i eit interkommunalt samarbeid gjennom Sjustjerna.
- Skuleeigar/skulane deltar i nasjonale satsingar etter behov.

## Strategiske kompetansebehov for perioden

Behova må dekkast gjennom rekruttering av nye medarbeidarar, samt med etter- og vidareutdanning av egne tilsette.

### Vidareutdanning:

FAG	STUDIEPOENG	KOMMENTAR
Matematikk	Minimum 60	Ungdomstrinnet
Norsk	Minimum 60	Ungdomstrinnet
Engelsk	Minimum 60 Minimum 30	Ungdomstrinnet Barnetrinnet
Framandspråk	Minimum 60	Primært spansk og tysk
Spesialpedagogikk	Minimum 30	Heile grunnskulen
Sosialpedagogikk	Minimum 30	Heile grunnskulen
Leiing/skuleleiing	Minimum 30	Rektorar og andre med leiaroppgåver
Kunst og handverk	Minimum 30	Heile grunnskulen

### Etterutdanning:

FAG	KOMMENTAR
Digital kompetanse	Pedagogisk bruk av IKT, app'ar
Rettleiing	15 stp/ 30 stp Gjeld praksisskular og dei som skal rettleie nytilsette
RLE	Oppdatering av endringar, tenking i faget
Musikk	
Valfag	Ulike fag som båtførar, trafikk, friluftsliv m.m.
Kroppsøving	Også relatert til valfag
Naturfag	Ungdomstrinn

## 1. Kompetanseutvikling for leiinga ved den enkelte skule.

Skuleleiing er eitt av dei prioriterte områda i kompetansehevinga. Det er ei brei kompetanseheving, med ulike tiltak på ulike nivå.

### Leiarmøte i skuleavdelinga.

Samling for rektorar/avdelingsleiarar. Ca.ti samlingar pr. år.

Innhald på samlingane:

- Pedagogisk utviklingsarbeid
- Erfaringsutveksling, dele god praksis mellom skulane.
- Kvalitetsutvikling, felles system, planar og prosedyrer.
- Informasjon og drøfting

### Leiaropplæring i Sjustjerna.

Vi vidarefører leiaropplæringa, med ei 2 dagarsamling og ei dagsamling.

Innhaldet vil vere mellom anna:

- Leiing og læring
- Skuleleiar si rolle som arbeidsgjevar
- Pedagogisk utvikling
- Nettverksarbeid og erfaringsutveksling på tvers av skular og kommunar

Framdrift, evaluering og justering vert drøfta på kvartalvise møte i den regionale styringsgruppa, der avdelingsleiarane for skuleadministrasjonen i alle kommunane er med.

### Anna leiaropplæring

Opplæring for alle mellomleiarar i kommunen, med ulike aktuelle tema for leiarar, som t.d. jus, personalleiing, m.m.

## 2. Nettverksarbeid mellom skulane

Aktive lærande nettverk:

- «Meir læring for alle». Alle barneskulane. Eigne handlingsplanar.
- «Ungdomstrinnsatsinga». Ytre Herøy ungdomsskule og Stokksund skule. Eigne planar.
- Ungdomsskulenettverk Sjustjerna. Leiinga ved dei store ungdomsskulane på søre Sunnmøre. Interkommunalt.
- Barneskulenettverk Sjustjerna. Leiinga ved dei store barneskulane på søre Sunnmøre. Interkommunalt.
- Skulebiblioteknettverket. Repr frå alle skulane. Kommunalt.
- Kulturnettverket. Repr frå alle skulane. Kommunalt.
- IKT-forum. Repr frå alle skulane. Kommunalt.

Pedagogisk utvikling og kompetanseutvikling er hovudtema i alle nettverka.

### **3. Satsingsområde i samarbeid med Sjustjerna.**

Sjustjerna har lagt til rette etterutdanningsprogram i mange fag siste åra; naturfag, matematikk, lesing, engelsk. Programma er lagt opp med faglege tema fordelt på fleire samlingar over eit heilt skuleår, med mellomarbeid på eigen skule. Programma er utvikla i samarbeid med Høgskulen i Volda.

#### **Læringsleiing**

Program i undervisningsleiing/ klasseleiing på barnesteget. Sentralt i studiet er tilpassa opplæring i klasserommet, varierte undervisningsmetodar og læringsmetodikk. Etterutdanninga vert organisert med 4 samlingar på Høgskulen i Volda, med oppgåvearbeid og utprøving mellom kvart oppmøte.

#### **Skulefag**

Samarbeid om etterutdanning i aktuelle skulefag vert fastsett etter ei kartlegging i kommunane hausten 2014, med planlegging våren 2015 og oppstart hausten 2015.

### **4. Kommunal satsing.**

#### **Ungdomstrinnsatsinga**

Nasjonale satsing, der ungdomsskulane i kommunen deltek i perioden 2014-16, med oppfølging i 2017. Tema relatert til klasseleiing, lesing og rekning. Opplæring også i metodikken aksjonslæring.

Skulebasert utviklingsarbeid, med støtte frå Høgskulen i Volda og tilsett utviklingsrettileiar.

#### **Meir læring for alle**

Kommunen fekk hausten 2012 skjønnsmidlar til gjennomføring av satsinga «Meir læring for fleire». Satsinga vart fronta av skulane Moltu, Nerlandsøy og Leikanger, med felles kompetanseutvikling gjennom fagleg påfyll, lærande nettverk, utprøving av praksis og refleksjon/rettileiing.

Fylkesmannen har tildelt meir skjønnsmidlar, for vidareføring av satsinga. Bergsøy skule og Einedalen skule vert med frå hausten 2014. Skulebasert utviklingsarbeid, med felles fagsamlingar og lærande nettverk på tvers av skular.

#### **Vidareutdanning i særlege fagområde**

Det er behov for vidareutdanning innan nokre fagområde. Vi set derfor av budsjettmidlar til stipendordning for lærarar som vil ta vidareutdanning, i tråd med strategiske kompetansebehov. Lærarane som nyttar ordninga, tar studium i kombinasjonen nett/samlingar. I tillegg til stipend, får dei fri vikar ved deltaking på avtalte samlingar. Fleire signaliserer at dette er ein god måte å skaffe seg vidareutdanning på.

I tillegg er det høve til å søkje på vidareutdanning etter den statlege ordninga. Små budsjetttrammer kan avgrense deltaking, særleg om utdanninga medfører vesentlege reise- og opphaldskostnader.

### Tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid.

Det er innleia eit samarbeid med Øyvind Kvello for å sikre førebygging, tidleg oppdaging og tidleg innsats. Kompetansehevinga skjer tverrfagleg, saman med helse, barnevern, PPT, barnehage.

Etter ein kursdag i august 2014, held arbeidet fram med m.a. spissing av kompetanse inn mot tverrfaglege team i skular og barnehagar.

## **5. Kommunal oppfølging av kvalitet i skulen.**

### Kvalitetslosen

Herøy kommune har innført dataverktøyet ”Kvalitetslosen”, for å auke systemkvaliteten og kvalitetsutviklinga. Skuleavdelinga har fått på plass ei rekkje planar, prosedyrer og rutiner innan grunnskule, SFO, PPT og vaksenopplæring, samt gitt opplæring og rettleiing i bruken av verktøyet. Dette er eit ledd i kommunen og skulen si utvikling i høve Opplæringslova §13.10 om forsvarlege system for oppfølging. Arbeidet med etablering og revidering av dokumentasjon vert systematisk følgt opp. Verktøyet inneheld også modulane Avvikshandtering, Forslagskasse og Varsling.

### Kvalitetsutvikling gjennom resultatmåling

Vi skal fortsatt halde fram med brukarundersøkingar og kartleggingar, etter dei prosedyrer vi har i kvalitetssystemet. Vi skal gjennomføre nasjonale prøver, læringsstøttande prøver, faglege kartleggingar og brukarundersøkingar. Prosedyrene omfattar gjennomføring av testar, analyser av resultat og refleksjon rundt praksis, med tanke på målretta tiltak og auka læringstrykk. Årlege rapporteringar frå kvar avdeling vert lagt til grunn ved utarbeiding av sak for politisk handsaming.

## **6. IKT-satsing.**

### Digital kompetanse i læringsarbeidet

Det vart i 2010 utarbeidd ein felles IKT-plan for grunnskulen i Herøy. Planen set fokus på digital kompetanse/ferdigheiter innan alle fag og på ulike årstrinn.

Arbeidet med implementering har gått tregt, i påvente av meir maskinvare. Når dette betrar seg, vil implementering få fullt fokus.

Samtidig skal planen reviderast i løpet av skuleåret 2014/15.

## Vidareutvikling av administrasjonsverktøy og elektronisk arkiv

I 2011 vart det kjøpt inn nytt administrasjonsprogram – Oppad - for alle skulane. Programmet vert nytta til registrering av elevopplysningar, fråver, vurdering, m.m. I 2012 vart programmet implementert for leing og administrasjonen, i 2013 for alle lærarar. Arbeidet med å nyttiggjere seg verktøyet, samt integrasjon mot arkivering i ephorte, vil halde fram.

## Feide

Tilrettelegging for Feide-pålogging er snart klar, og implemetering skal skje skuleåret 2014/15.

## 7. Skulane sine egne satsingar.

Målet er at alle skular kvart år skal ha egne kompetansemidlar til bruk for sine særlege behov.

Planen er drøfta og utarbeidd saman med alle skulane og Utdanningsforbundet.

13.oktober 2014

Sølvi Lillebø Remøy  
- skuleleiar -

Oddbjørn Vinjevoll  
-hovudtillitsvald-

Referatsaker

Referatsaker





Grunneigarar, naboar, lag,  
organisasjonar og offentlege  
uttaleinstansar

Saksnr  
2013/552

Arkiv  
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / AZT

Dato  
17.09.2014

## REGULERINGSPLAN FOR NY GANG- OG SYKKELVEG PÅ MOLTUSTRANDA - OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet vedtok i møte 16.09.2014, F-sak 144/14, at forslag til reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesvegen gjennom Moltustranda, skal sendast på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg til rette for nytt fortau og utviding av køyrebana for fylkesveg 10. Det er i planen også vist forslag til ny og framtidig veglinje for Nygjerdevegen m.m innanfor plangrensa.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova paragraf 12-3, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Plandokumenta er også tilgjengeleg i papirformat i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg og på Coop Marknad Moltu. Du kan også lese og laste ned dokumenta elektronisk på kommunen sine nettsider: [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**  
**Postboks 284**  
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:  
[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Alle innspel må vere merka med **"Reguleringsplan gangveg Moltu"**.

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **17.11.2014.**

Innspele som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna.

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar  
Tlf: 700 81 369  
[jarl@heroy.kommune.no](mailto:jarl@heroy.kommune.no)

Aleksander Zahl Tarberg  
Sakshandsamar  
Tlf: 700 81 368  
[aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no](mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no)



Grunneigarar, naboar, lag,  
organisasjonar og  
offentlege uttaleinstansar

Saksnr  
2013/1418

Arkiv  
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / AZT

Dato  
17.09.2014

## REGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT - OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet vedtok i møte 16.09.2014, F-sak 145/14, at forslag til reguleringsplan for Myrabakken på Moltustranda skal sendast på høyring og leggast ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg til rette for nye kommunale bustadtomter, områder for fleirmannsbustader, leikeplassar, grønne korridorar, leikeplassar og ny offentlig infrastruktur m.m innanfor plangrensa.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova paragraf 12-3, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Plandokumenta er også tilgjengeleg i papirformat i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg og på Coop Marknad Moltu. Du kan også lese og laste ned dokumenta elektronisk på kommunen sine nettsider: [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**  
**Postboks 284**  
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:  
[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Alle innspel må vere merka med **"Reguleringsplan Myrabakken"**.

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **17.11.2014.**

Innspele som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna.

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar  
Tlf: 700 81 369  
[jarl@heroy.kommune.no](mailto:jarl@heroy.kommune.no)

Aleksander Zahl Tarberg  
Planleggar  
Tlf: 700 81 368  
[aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no](mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no)



Grunneigarar, naboar, lag,  
organisasjonar og offentlege  
uttaleinstansar

Saksnr  
2014/1043

Arkiv  
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / AZT

Dato  
15.10.2014

## REGULERINGSENDRING TROLLDALEN GNR 55 BNR 5 M.FL - OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet vedtok i møte 14.10.2014, F-sak 161/14, at forslag til detaljreguleringsplan for Trolldalen (gnr 55 bnr 5 m.fl) skal sendast på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg opp til ei endring av ei tomt regulert til forretning i opphavleg plan for Trolldalen. Forslag til ny arealbruk for tomta er bustad – konsentrert bebyggelse. Herøy kommune ynskje å legge til rette for meir konsentrert bustadbebyggelse i dette området.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som ein detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova §§ 12-3, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg. Grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og lag og organisasjonar blir varsla i eige skriv.

Plandokumenta er tilgjengelege elektronisk på [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no), og i papirformat i servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg.

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**  
**Postboks 274**  
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:  
[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Alle innspel må vere merka med **"Reguleringsendring Trolldalen"**.


Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **08.12.2014**

Innspele som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til:

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar  
Tlf: 700 81 369  
[jarl@heroy.kommune.no](mailto:jarl@heroy.kommune.no)

Aleksander Zahl Tarberg  
Planleggar  
Tlf: 700 81 368  
[aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no](mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no)



Grunneigarar, naboar lag,  
organisasjonar og offentlege  
høyringsinstansar

Saksnr  
2013/165

Arkiv  
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / AZT

Dato  
16.10.2014

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 MFL OMRÅDET FKO - OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet vedtok i møte 14.10.2014, F-sak 161/14, at forslag til privat detaljreguleringsplan for området FKO på Eggesbøjorda (gnr 38 bnr 2 m.fl) skal sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg til rette for meir kontor, forretning og bustader i området. Rema 1000 skal føre opp nytt forretningsbygg innanfor området FKT1 og det skal byggjast nye parkeringsplassar, tilkomstveggar og infrastruktur i området.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som ein privat detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-10, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og lag og organisasjonar blir varsla i eige skriv.

Plandokumenta er tilgjengelege elektronisk på [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)  
Dokumenta er også tilgjengeleg i papirformat. Du finn desse i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg.

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**  
**Postboks 274**  
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:

[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Alle innspel må vere merka med "**Reguleringsplan Eggesbøjord**".

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **08.12.2014.**

Innspela som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til:

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar  
Tlf: 700 81 369  
[jarl@heroy.kommune.no](mailto:jarl@heroy.kommune.no)

Aleksander Zahl Tarberg  
Planleggar  
Tlf: 700 81 368  
[aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no](mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no)